

Retningslinjer for skulefri.

Alle foreldre som av ein eller annan grunn ynskjer å ta eleven bort frå undervisninga, **pliktar å varsle skulen i god tid**. Du brukar appen, Visma Min Skole når du/de ynskjer å be eleven fri frå skulen. Gjeld permisjonsøknaden for meir enn tre dagar, skal det brukast elektronisk søknadsskjema i Visma.

INFORMASJON TIL FORELDRE/FØRESETTE OM ELEVPERMISJONAR.

I opplæringslova står det fylgjande:

§2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa.

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

Retningslinjer for å gje elevane permisjon:

Ein kan gje elevane permisjon av fylgjande grunnar:

1. Viktige velferdsgrunnar
2. Viktige hendingar i nær familie.
3. Ferieopphald saman med foreldre/føresette når heilt spesielle grunnar har hindra familien i å vera saman i den vanlege ferien til skulen. Heimane må ikkje gjera bindande avtaler eller bestille billetter til reise før skulen har innvilga søknaden.
4. Deltaking i større idretts- og kulturarrangement.
5. Arbeid som tillitsvald
6. Andre særlege tilhøve.

Det er ein føresetnad for å gje permisjon at eleven totalt sett får ei forsvarleg grunnskoleopplæring trass i at det er gjeven permisjon. **Skulen skal derfor gjera ei konkret vurdering av den enkelte søknad, ut frå ei individuell vurdering der ein legg vekt på kva som er forsvarleg.**

Dette gjeld også:

- Ein kan berre gje permisjon til elevar etter skriftleg søknad frå foreldre / føresette.
- Søknad om fri inntil tre dagar varslar ein om i appen Visma Min Skole og det blir avgjort av kontaktlærer.
- Søknad om permisjon utover tre dagar skal skrivast på elektronisk søknadsskjema som du finn i appen Visma Min Skole. Etter samråd med kontaktlærer blir saka avgjort av rektor.
- Når eleven får permisjon, har foreldre / føresette ansvaret for opplæringa i den perioden eleven er borte frå skulen.

Eventuelt avslag på søknaden kan ein anke til Statsforvaltaren i Innlandet innan tre veker etter at avslaget er motteke. Anken kan sendast til skulen som vidaresender den. 13.08.22.